Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Veving

Oppskr. av: Brita Lid f. 28/1 1893

(adresse): Volda

Fylke: Hordaland

Herad: Voss

Bygdelag: Kvilli

Gard: Lid, övre

G.nr. 189 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Veving.

Dei vanlegste vevemåtane var.

Ullvev:

Vend. Vadmål. Kalla vadmål (varmaol, eller venda-varmaol). 3 skaft (eller 6 skaft).

Einskjeft. 2 skaft (eller 4. 2 opp, 2 ned). kalla „einskjefta".

Eintratt (berre 2 skaft).

Bomasi. (Varpet synte ikkje).

Krokbragd. Kalla „krökkvitlavev".

Smettevev. Kalla „smetting" eller „åkle-vev."

Bruretеppe (bruratepe).

Lin eller bomull:

Vend

Einskjeft.

Dreiel.

1. Mannsklede.

Vend. Kalla vadmål, eller venda-vadmål.

a) Vadmålsklede (dress), einsfarga. Dei vov det kvitt. Brukte det forutan til dress, også til bukser (kne- og langbukser).

9221

Tröyer. Frakkar. Dei farga det anten mörkeblått eller svart. Stundom fekk dei det overskore etter det var farga, slik at det vart lo på retta, loa låg til ein kant. Slikt overskore vadmål brukte dei ikkje så lite i slutten av förre og byrjinga av dette arhundre, til dressar, frakkar, tröyer. Til einskilde bukser (kne- og langbukser) brukte dei ikkje overskore, for dei skulle vera til slitsbruk. Og vadmålet var sterkare når det ikkje var overskore.
Fint, tunt vendavadmål vov dei til vester - vove kvitt - farga högraudt. (No kalla lenadsvest.)
6) Vadmålsklede, eins- eller fleirfarga. Vove grått, eller av farga garn. Dei kalla det også vadmål, etter vevemåten, vend. Men veven kalla dei gråvev (gråvev), til skilnad frå vadmålsvev som var kvit.

Den tid dei spann garnet sjölve, var det skikk å blanda kvit og svart ull, til ljosare eller mörkare gråvev, og veva det slik. Dei kunne og renna ein svart - eller mörk - tråd inni her og der, då vart det imut. Eller fleire svarte trådar med visse mellomrom, så vart det randut. Eller eit ljosgrått og eit svart skil, og bruka einsfarga ljosgrå veft, då vart det örsmå ruter. Det var ~~mykje~~ brukt både til dressar og frakker for menn, og kåper for kvinner. Eg hadde i 24 års.alderen ei slik kåpa som ho mor hadde vove, den var sers fin.

Så var det mönstra vev, ymsa med mange fargar. Grunnfargen (botnfargen)

9221
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

var det likevel ein regel for, den skulle vera anten grå, blå, svart, grågrön, eller sers mörk brun. Skarpe fargar var ikkje brukt til botnfarge.
Det var to hovudliner: Randut. Rutut.
Randut (römndutü).
Det kunne altså ha ymist botnfarge. Rendene kunne vera berre ein farge, t. d. svart, brunt (ofte farga med steinmöse), grönt eller anna. Eller rendene kunne vera samansette, breiare og med fleire fargar. Rendene gjekk alltid på langt (var rende inn i varpet), veften var einsfarga, anten lik botnfargen, eller så at den sjatterte med den.

Randut var brukt både til frakkar, dressar og einskildbukser. Stundom og til vestar. Men ikkje til einskilde tröyer. Randut tröya og einsfarga buksa tykte dei ikkje hövde i hop - men omvendt kunne gå.
Rutut. Kalla spunset (spunnsütü).
Veven kalla „spunsevev" etter mönsteret. Spunset var i mitt minne meir brukt enn randut. Då laut ein fyrst renna inn mönsteret - det kunne ha mange, men helst dökke fargar - og så bruka same fargane att i veften. Det var ofte svært fint. Det var brukt til frakkar, dressar, einskildbukser, vestar. Stundom også einskilde tröyer.

Både randut og rutut vadmål av same slag var brukt til kåper for kvinner.

Eg har liggjande heime fleire leuntar med gråvev, i ymse mönster, som ho mor har

9221

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vove, til manns og kvinneklede.

c) Lin eller bomullsvev, kvit. Linveven einskeft, til mannsskjorter. Bomullsveven, einskjeft eller vend. Også til mannsskjorter.

d.) Einskjeft (einskjefta). Ullvev.

Tjukk, grov einskjeft. Brukt til "undertröyer" (helga- og arbeidströyer) for menn, og vestar. Desse vestane var i gamle dagar utsauma med fleirfarga saum, t.d. "lindormasaum". Dei vov det kvitt, farga det i ymse leter, mörkraudt, blått, grönt, til undertröyer. Blått eller grönt til vestar.

Rutut.

Dei vov vanleg veven anten med jamne småruter, eller med fleirranda storruter, i kvitt og svart (kvit botnfarge, svarte ruter, eller ruterender). Farga det etterpå, blått, raudt eller grönt. Det var same slag vev som dei vov til understakkar til kvinner. Men veven til mannsundertröyer var vanleg grovare, av tjukkare garn.



Det kunne vera minnre ruter enn dette.



Og större enn dette.

2. Kvinneklede.

a) Vend.

Einsfarga til tröyer, helga- og kvardagströyer. Og til stutte jakker.

Einsfarga, eller fleirfarga (av grå-vev), til kåper.

b). Einskjeft. Einsfarga til dosser. Av grovare eller finare garn, etter det dei skul-

9221

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

le brukast til. Gramn einskjeft til dei finaste, lagt opp av 4 eller opptil 5 alnagarn. Vove kvitt, og farga mørkeblått, eller svart.
Understakk, den dei hadde ytst, nærast dossa. Eg veit ikkje om den skal reknast til underkleda, han synte ofte. Når dei reid, eller køyrde, tok dei opp dossa, når det kom regn like eins.
Av gramn fin einskjefta. Anten voven kvit, og farga, høgraud, blå, eller grøn. Eller av „spunsevev". Dei same to slaga (og fleire) voven med kvitt-svart og farga etterpå, i same fargar som til undertrøyer for menn. Høgraudt var og brukt nokså mykje til spunsete understakkar.

Forklede. Av gramn einskjefta som til dosser. Vove kvitt, farga mellomblått. Utsauma med fleirfarga ullgarn i eit serskilt mønster. Brukt om vinteren (no kalla vinterbunad).

Forklede. Av rutet (spunsut) farga vev, i rift, med lagde foller.

Underty.

a) For menn.

Vend.

Kvit vendavev, brukt til linlung (liul) på undertrøyer. Ermane var spøta. Helst brukt kvitt. Men også farga i lakseraud eller blikraud farge etter trøya var sydd.
Til underbukser var det brukt kvitt. Einskjeft. Brukt like eins.
Eintrådd vev (berre 2 skaft) var og brukt, både til undertrøyer og bukser. Den vart litt og laus og mjuk. I mange høve sydde dei då også ermane av veven.

9221

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Lin og bomullsvev til skjorter.
c) For kvinner.
Vend og einskjeft same slag vev som til menn. Vart brukt til bulung på undertrøyer og til bukser. Farga trøyer i sume høve, ikkje bukser. Seinare kom strikka bukser meir i bruk.
Eintradd vev vart brukt til heile trøyer og til bukser.
Understakkar.
Desse brukte dei under dei stakkane eg før har skrive om, så det var dei verkelege understakkane. Dei var anten av grovare einskjeft enn dei andre, eller av halvulls-stoff.
Einsfarga (eller melert) halvull.
Ofte skilnad på varp og veft, t. d. kaffibrunt varp, ljosblå veft. Vend eller einskeft vevnad.
Langrandut, t. d. brunt og blått bomullsgarn til varp. Brun ullveft.
Einsfarga med „fot" (fleirfarga bord) nede. Voven einsfarga, eller med ulik varp og veft, ned til „foten", og så slå inn den. Ein smal kant av grunnveven nedanfor. Veven så brei at ein trong berre to rifter (lengder).
4. Sengeomheng brukte dei ikkje i vår grend.
5. I gamle dagar vov dei linvev til lakan og putevar. Sume vov bomulls vend til lakan. Og bomulls einskjeft til putevor.
Elles vov dei småranduт ullvev (vend) til underputevor. Eller halvulls bomasi. Det

9221

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

brukte dei også til fjör- eller dunputer.
Og til overdyner.

Til overbreidsel (spreie) vov dei i lin og bomull ymse dreielsmönster. Eller i mönster som bruretteppe, men då med ull veft.

6. Dukar vov dei frå gamalt i lin, store dukar til langbord, og mindre. Anten i einskjeft, vend, eller dreielsvevnad. Små serviettar trur eg ikkje dei vov. Men linskaut, i einskjeft til å sauma på, og i dreiel som ikkje skulle saumast på. Og linner til skjörter og forkle.

7. Handkle vov dei i vend, eller dreil, av bomull.

8. Åklede, teppe.

Av åkle var det to hovudslag.
Krokåragd (brökkvitlar). Anten som „skakktenner", eller i krossmönster.



Skakktenner.
Desse tennene tek ut i botnfargen i randa, og lagar mönsteret.



Krossmönster

Smettevev. Kalla „smetting" eller „åklevev".
Dei smette då mönsteret inn.

Frå gamalt vov dei åkle. Brukte dei både for gagn og til pryd på sengane. Og på veggen i veitsler og bryllaup. Brökkvitlane brukte dei òg både til gagn og til pryd. Dei låg öst på sengane både natt og dag. Så var det i mitt oppeldre. Vattplater i vov (stoppetoppe) dekte dei over med en brokk- kvitel

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9221

~~dei over med ein krökk-korkel.~~

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9221